

Informasjon før jakta 2026 - Herøy

Det nærmar seg jaktstart og vi sender med det ut infoskriv med viktig informasjon. Alle vald og jaktfelt skal gjere seg kjend med informasjonen før jaktstart.

Jakttid

Jakttida på hjort er 01.09 – 23.12.

Skadeskyting og ettersøk

Det er krav om at alle jegerar/jaktlag skal ha skriftleg avtale om tilgang på godkjent ettersøkshund. Det er ikkje lov å jakte utan slik avtale. Ved skadeskyting av hjort eller uavklara situasjon etter påskyting av hjort, skal godkjend ettersøksekvipasje tilkallast og ettersøk gjennomførast. All jakt i jaktfeltet skal stoggast medan det pågår ettersøk. Pliktig ettersøk på eige vald er den dagen dyret vart påskote og om nødvendig ut dagen etter. Ved ettersøk som går over på anna vald, opphøyrer retten til ettersøk og felling ved utgangen av dagen den skadeskotne hjorten kom inn i valdet. Er ettersøket første dag utan resultat skal jaktrettshavar og kommunen eller politi kontaktast og informerast om situasjonen. Når pliktig ettersøk er utan resultat skal kommunen avgjere om ettersøket kan avsluttast eller om ettersøket skal halde fram. Den jeger eller jaktlag som står for skadeskytinga pliktar å delta utan vederlag ved pålagt ettersøk. Det er lov å bruke kunstig lys til ettersøk etter påskoten hjort. Men før ein tek i bruk kunstig lys har jegeren plikt til å varsle politi, jaktrettshavar og kommune om bruken.

Rapportering av sett hjort og felt hjort

Det er svært viktig at alle jaktdagar vert registrerte i hjorteviltregisteret/sett og skutt. Jaktdagar skal rapporterast anten det er sett hjort eller ikkje. I tillegg til dette skal felte dyr registrerast med rett informasjon. Rett alder, kjønn, og nøyaktig slaktevekt!

I dei fleste tilfelle er det fullt mogeleg å bedømme om ein felt hjort er kalv, ungdyr (1,5 år) eller eldre (2,5 år +), om ein sjekkar kjeven/tennene. Dette bør gjerast, for å kunne rapportere med rett alder i hjorteviltregisteret. <https://www.hjortevilt.no/aldersbestemme-feltelg-hjort/>

Anna informasjon om registrering kan dykk finne her:

<https://www.hjorteviltregisteret.no/OfteStilteSp%C3%B8rsm%C3%A5l#kategoriSett%20og%20skutt%20app>

Fellingsrapport

Frist for levering av fellingsrapport er onsdag 07. januar 2027. Det er valdsansvarleg som skal rapportere for heile valdet. Før fellingsrapporten vert levert, må valdsansvarleg kontrollere at Landbruk alle felte dyr er registrert. Alle jaktdagar og felte dyr må godkjennast av valdsansvarleg før den elektroniske fellingsrapporten kan leverast.

Merka hjortar

Merka hjortar kan fellast. Fyll ut vedlagt skjema, og ta kontakt med kommunen so snart som råd. Øyremerke og kjeve skal takast vare på.

Kvotefri jakt på hjortekalv

Det er kvotefri jakt på kalv i Ytre Herøy hjorteviltområde og Indre Herøy storvald. I praksis kan kvar enkelt grunneigar/jaktrettshavar felle eit fritt tall kalvar på sin eigendom, men kan og gi løyve til andre. Det er anbefalt at grunneigarar rettar seg etter valdet sine føringar om dispensasjonen.

Termiske og Restlysforsterkande siktemiddel

Saka skal avgjerast i kommunestyret 01.10. **Fram til ei eventuell forskrift er kunngjort på Lovtidend er det ikkje lov å nytte seg av termiske og restlysforsterkande siktemiddel.** Vi vil sende ut e-post til valdsansvarlege når ei eventuell forskrift er kunngjort, men det kan vere lurt å følge sjølv og.

Raudrev

Vi ynskjer tilbakemelding om det vert observert rev i kommunen. Jakttida på rev er 15.07-15.04. Det er ynskjeleg at rev vert felt om ein har sjansen til det.

Skada eller sjuke dyr

Kontakt kommunen.

Melding til kommune

- Ettersøk (utan resultat første dag)
- Bruk av kunstig lys
- Skada og sjuke dyr

Send melding eller ring til: Anne Kathrine Løberg, tlf 900 34 380

Ved spørsmål bjornar.eikenes@heroy.kommune.no eller 94794100

Ynskjer alle vald god jakt med høgt og godt uttak!